

FLÅMSBRYGGA

BRYGGERIHOTELL · KAFÉ · RESTAURANT · PUB

ÆGIR VIKINGMENY MIDDAG

Vinter / Vår 2018

SALATAR

SALAT LEIV EIRIKSSON



Frisk salat med laks marinert i Ægir øl, cherrytomat, raudlauk, agurk, egg, aioli med sennep og lime og heimelaga brødkrutonger.

Kr 180,-

Leiv Eiriksson var ein norrøn oppdagar som er kjend for å ha oppdaga Nord-Amerika i omlag år 1000, nesten 500 år tidlegare enn Christofer Columbus. Dette syner kor dugandes sjøfararar dei var i vikingtida. Landet Leiv oppdaga kalla han Vinland, som er i Canada i dag.

SALAT EIR




Frisk salat med chevre, ølsirup, cherrytomat, pære, raudbetar, rista nøtter og frø. Servert med urteolje, balsamico og heimelaga brødkrutonger.

Kr 180,-

Eir er gudinna innan legekunsten i norrøn mytologi. Med sin kunnskap sin om urter og deira hemmelege krefter, kunne ho til og med vekke opp dei daude.....

SALAT A LA ODIN



Frisk salat med agurk, cherrytomat, paprika, pære, raudlauk og både naturell og sprøsteikt spekeskinke. Servert med aioli med sennep og heimelaga brødkrutonger.

Kr 190,-

Odin var den mektigaste og visaste guden i norrøn mytologi. Han var med på å skape verda. Med kunnskapen sin fekk han då han ofra det eine auget sitt for å drikke av kunnskapen sin brønn, Mimes brønn. Dette gjorde han for å forstå den verda han hadde skapt.

HOVEDRETTAR

CHEVREBURGER URD



Chevreburger servert med frisk salat, tomat, lauk, raudbetar og aioli på Ægirbrød med amandinepoteter.

Kr 170,-

Urd er ei av tre skjebnegudinner i norrøn mytologi og ho står for fortid. Saman med dei andre skjebnegudinnene Verdande (notid) og Skuld (framtid), rår ho over menneska si skjebne.



FLÅMSBRYGGA HOTELL



FURUKROA



FLÅMSTOVA



ÆGIR BRYGGERIPUB

FLÅMSBRYGGA

BRYGGERIHOTELL · KAFÉ · RESTAURANT · PUB

VIKINGBURGER HARALD HÅRFAGRE




Hjorteburger med friks salat, tomat, bacon og raudlaukskompott servert i Ægirbrød saman med steikte amandinepoteter og blåbærkrem.

Kr 245,-

Harald Hårfagre (f. 850 - d. 931/932) hadde hovudgarden sin ved Gaular, ytst i Sognefjorden. I tiårsalderen vart han konge av Sogn og då starta han erobringane sine med harde kampar mot høvdingar og småfyrstar. Slaget ved Hafrsfjord ved Stavanger omlag år 872, vert rekna som det avgjerende slaget i Harald Hårfagre sin kamp med å samle Noreg til eitt rike. I følge segn let Harald håret gro frå han bestemte seg til å verte Noregs konge til målet var nådd!

BURGER EIKTYRNE




Burger med urter, blåmuggost, salat, tomat, lauk, steikt sopp og Ægirdressing servert i Ægirbrød med amandinepoteter.

Kr 285,-

Eiktyrne var i den norrøne mytologien ein hjort som saman med geita Heidrun beita på taket av Vallhall. Dei åt frå greinene på treet Yggdrasil. Frå horna til Eiktyrne draup det vassdropar ned i brønnen Kvergjelme, som låg under den eine av røtene til Yggdrasil, og som var kjelde til fleire elver.

FISK OG SKALLDYRSUPPE OLAV TRYGGVASON




Fyldig tomatbasert suppe med fisk, skaldyr, blåskjell og grønnsaker. Brød vert servert til.

Kr 240,-

Olav Tryggvason var truleg barnebarn av Harald Hårfagre og han var konge i Noreg i perioden 995 - 1000. Olav var viktig for innføringa av kristendomen til landet og vert rekna som ein av dei sentrale kongane. Olav bygde Noregs eldste kyrkje på Moster i 995 og grunnla Trondheim i 997.

OMNSBAKT GRAVLAKS RAN



Omnsbakt gravlaks glasert med sennep servert med frisk salat, tomat, lauk, krema dillsaus og poteter.

Kr 280,-

Ran, Ægir si hustru og gudinne av havet, hadde eit stort garn som ho nytta til å fange uheldige sjøfararar. Med garnet trekte ho dei mot farlege skjer og tok dei med til hallen sin på botnen av havet. Ran herska over dei som omkom på havet. I gamle tider ofra menneska til havgudinna for å sikre sjøreisa.

GRYTESTEIKT SVINESKANKE GULLINBUSTI



Svineskanke servert med surkål, marinert raudlauk, brokkoli, gulrøter, potetpuré og Ægir BBQ saus med sopp.

Kr 295,-

Gullinbusti var i norrøn mytolog Frøy sin galte. Gullinbusti har ei sjølvlysande og gyllen bust, og han trakk vogna til eigaren sin gjennom luft og over hav raskare enn ein hest. Det vart aldri mørkt om natta når den sprang gjennom landskapet med si lysande bust.



FLÅMSBRYGGA HOTELL



FURUKROA



FLÅMSTOVA



ÆGIR BRYGGERIPUB

FLÅMSBRYGGA

BRYGGERIHOTELL · KAFÉ · RESTAURANT · PUB

RIBBEIN RAGNAROK 1*

Kr 295,-

Ribbein marinert i Ægir grillsaus servert med frisk salat, tomat, lauk, amandinepoteter og Ægirdressing.

Ragnarok er slaget mellom Æsene og jotnene som førte til undergangen til gudane og menneska i norrøn mytologi. Sola og stjernene sloknar, og jorda søkk i havet. Ei ny grøn og jomfrueleg jord stig opp att. Før Ragnarok gøymde menneska Liv og Livtrase seg i treet Yggdrasil og dei sette folk til jorda på nytt.

ÆGIR VIKINGPLANKE 1*

Kr 545,-

Vår unike 5-rettar øl- & matmeny. Du får smake: røykt rein, skalldyr, fisk og skalldyrsuppe, svineskanke og mørk sjokoladeganache kake. Planken vert servert med 5 ulike typar Ægir-øl.

ÆGIR VIKINGPLANKE VEGETAR

Kr 495,-

På vår vegetar vikingplanke får du smake: brokkoli og gulrøter med karamell- og dillsaus, salat med chevre, plukka vegetarburger, qourn, aiolidressing og til dessert mørk vegetar sjokoladecake. Planken vert servert med 5 ulike typar Ægir-øl.

Kvart år bad Ægir Æsene til ete- og drikkegilde i festsalen sin Brime, der fata og drikkehornar fylte seg sjølve. Hjå oss kjem servitøren med ei matoppleving servert på ein vikingplanke saman med godt øl.

DESSERTAR

ISANDE SNJÓ 1*

Kr 105,-

Ulike smakar av lokal is frå Alm Gard i Feios.

Snjó, kjem frå norrøn mytologi og tyder snø. Snjó representerar ei form for eldre naturguddom og er ei personifisering av snø og vinter. Hjå Snorre Sturlason vert det fortalt at Snjó vart gjort til konge av Finland.

TILSLØRTE ÆGIR DØTRE 1*

Kr 125,-

servert med molte, piska krem, knuste peparkaker og toppa med øl-karamelliserte nøtter.

Ægir, havets gud, er gift med Ran, havets herskerinne, og saman har dei 9 døtre som er dei nordiske havfruene. Dei er personifikasjonar (menneskeliknande figurar) av bølgene.



FLÅMSBRYGGA HOTELL



FURUKROA



FLÅMSTOVA



ÆGIR BRYGGERIPUB

FLÅMSBRYGGA

B R Y G G E R I H O T E L L · K A F É · R E S T A U R A N T · P U B

SJOKOLADEGANACH KAKE FRIGG



1*


Vår mørke sjokoladeganach kake med toffemousse vert servert med ein frisk bringebærsorbet.

Kr 140,-

Frigg, hustrua til Odin og den mektigaste av gudinnene, var ei utruleg vakker og moden kvinne som spann og vevde skyer på rokken sin. Frigg hadde kontroll over naturen og er kjærleiks- og skjebnegudinna.

BARNEMENY 3-12 ÅR

Viltkjøtbollar frå Haugen Gardsmat




1*

servert med frisk salat, dill saus og potetmos.

Kr 140,-

Atterhald om endringar.

Allergener:



FLÅMSBRYGGA HOTELL



FURUKROA



FLÅMSTOVA



ÆGIR BRYGGERIPUB

Flåmsbrygga Hotell AS | Pb 44 | N-5742 Flåm | NORWAY | (+47) 57 63 20 50 | mail@flamsbrygga.no | flamsbrygga.no

- BRYGGERIHOTELL -